



Hadarhallen:

Informasjon og retningslinjer for bruk av hallen

1. Reglane gjeld for alle brukarar av hallen, både grupper i Hareid IL fotball og andre leigetakarar.
2. Kontaktperson om noko ikkje fungerer: Ola Kalvø Vattøy, 47362493.
3. Brann: Om det oppstår brann i hallen går alarmen og brannvesenet blir tilkalla. Då ber vi alle om å forlate hallen.
4. Opning og låsing: Brukarar har tilgang med JustIN Mobile appen til å opne dei to hovuddørene til hallen.
5. Lys: For at lyset i hallen skal kome på må begge hovuddørene være opne med ein funksjon som heiter kontorfunksjon (ein funksjon på appen). Denne funksjonen blir aktivert når dykk held mobiltelefonen inntil låsen i 5 sekunder (enkelte må halde inne den grønne nøkkelen på appen, mogleg det er alle med iPhone). Når dykk går inn i hallen vil det være ein lysbrytar til venstre, den trykk dykk på for å få lys på nokre av lampene i hallen. Når det lyset er på går dykk bort å låser opp den andre døra med kontorfunksjonen. NB! Husk å skru av lyset når dykk går der ifrå.
6. Fottøy: Det er kun tillat med fotballscho på kunstgrasdekket. Joggescho og andre scho redusera levetida på dekket med 25%.
7. Kjeldesortering: Bruk søppelkassene på ein miljøvennleg måte.
8. Røyking og snus: Hadarhallen er ein røyk- og snusfri arena.
9. Spyting: Bruk sunn fornuft når det kjem til spyting. Spyttklyser blir ikkje borte av seg sjølv sidan det ikkje regnar inne i hallen.
10. Vatning: Det er ikkje lov å vatne kunstgrasdekket i Hadarhallen. Det kan føre til at det blir danna helsefarleg muggsopp i eller under dekket.

11. Mat: Venleg ikkje ta med mat inn i hallen. Smular og liknande kan virke skadande på kunstgrasdekket over tid.
12. Rydding: Alle grupper og leigetakarar har ansvar for å rydde etter seg. Det skal ikkje ligge igjen NOKO i hallen når ditt lag forlet hallen. Konsekvensen om dette ikkje vert overhald vil hallen verte stengt for dagleg bruk / for det laget som ikkje held orden.
13. Tjuveri: Du har sjølv ansvaret for å passe på eigendelane dine. Attgløymding vert rydda bort og tatt vare på over eit kort tidsrom. Ta kontakt med dagleg leiar om du savnar noko.
14. Teknisk rom: Uvedkommande har ikkje tilgang til teknisk rom.
15. Toalett: Her er eit dametoalett, eit herretoalett og eit handikaptaolett. Ver reinsleg. Bruk sunn fornuft.
16. Kjøken: Dei som leiger kjøken må rydde og vaske etter seg. Brot på dette medfører at vedkomande ikkje får leige kjøkenet seinare.
17. Målnett/fangnett: Der er strengt forbode å klatre i netta.
18. Løpebana skal ikkje være lagringsplass for fotballmåla. Dei skal stå inne på kunstgraset.